



Nærings- og handelsdepartementet  
Postboks 8014 Dep

0030 Oslo

Sogndal, 27. oktober 2010

## Høyringsuttale - evaluering av SIVA

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane viser til høyringsbrev datert 23.juli 2010 der NHD ber om innspel vedk. SIVA-evalueringa.

Kunnskapsparken (KPSF) er eit av ca 45 innovasjonsselskap i Norge, derav 26 kunnskaps- og forskingsparkar. I Sogn og Fjordane opererer KPSF to inkubatorprogram – FoU inkubator og Mat- og natur inkubator. Det er p.t. 13 inkubatorbedrifter<sup>1</sup> knytt til dei to programma. Vidare er det ein industriinkubator i Stryn (under utvikling) med 3 inkubatorbedrifter. Det er også under etablering ein industriinkubator i Florø. KPSF er aksjonær i førstnemnde, og er aktiv i etableringa i Florø.

### Innleiing

SIVA sin formålsparagraf inneholder to delmål – Eigedom og innovasjon. I Sogn og Fjordane har SIVA tradisjonar attende til eiga etablering i 1968, og gjennomføringa av dei tre første pilotane for vektsentra – Verdal, Kongsvinger og Førde i 1969. Seinare har SIVA engasjert seg både på eigedoms- og innovasjonssida i fleire prosjekt i Sogn og Fjordane.

Som evalueringa viser er addisjonaliteten større for innovasjonsselskapene enn på eigedomsida. KPSF meiner difor at eit godt utbygd innovasjonssystem vil vere eit rett, og viktig verktøy for stimulering til etablering og utvikling av nye vekstbedrifter til fornying av norsk næringsliv.

Vi vil difor konsentrere uttalen vår om innovasjonsaktiviteten til SIVA.

Innovasjonsselskapene representerer i dag eit viktig landsomfattande apparat der gründerar kan få tilbod om profesjonell hjelp gjennom inkubatorprogram der ein vert tilbuddt lokale i eit stimulerende utviklingsmiljø dei første åra etter etableringa. Dette gjeld både gründera som kjem frå FoU-system og næringsliv eller gründera som har utvikla forretningsidear på eiga hand. Innovasjonsselskapene kan også i einkelte høve tilføra gründerbedriftene ein beskjeden grad av eigenkapital.

Tall utarbeida av SIVA, viser at Inkubatorprogramma har hatt stor økonomisk betydning for utviklinga av norsk næringsliv. Men vi meiner likevel at ein kan oppnå endå betre resultat, og like rammevilkår for innovasjonsselskapene, gjennom målretta forbetringar på dagens inkubatorsatsing.

<sup>1</sup> Inkubatorbedrift er betegnelsen på bedrift som er teken opp i inkubatoren.

På bakgrunn i SIVA-evalueringa og eigne erfaringar, vil Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane koma med følgjande innspel til prioriteringar SIVA bør satsa på:

- Sikre bærekraftige (og forutsigbare) innovasjonsselskapa
- Utarbeide og etablere ein modell (og finansieringsordning) for presåkorn kapital
- Samhandlinga mellom dei ulike virkemiddelaktørane

### Bærekraftige innovasjonsselskap

For å kunne ha eit bærekraftig innovasjonsselskap er ein heilt avhengig av ein styrking av basisfinansieringa. Innovasjonsselskapa har ofte solid as-kapital, men har ofte begrensa driftsressursar (driftskapital). Med det meinar KPSF at den typen arbeid som innovasjonsselskapa gjer, i stor utstrekning er infrastruktur, med den konsekvens at kommersielle aktørar ikkje vert med å finansiere drifta i innovasjonsselskapa. Dette er, og vil bli, eit ansvar for det offentlege. Utvikling av profesjonelle og levedyktige inkubatormiljø er etter vår mening ei offentleg oppgåve fordi dette gjeld verksemd med stor risiko og ofte begrensa moglegheit til økonomisk gevinst på kort sikt.

Innovasjonsselskapa kan ha fleire oppgåver i tillegg til å drive inkubatorar. Eksempel kan være operatør for nettverksprogrammer (ARENA og NCE), kommersialiseringssaktør i tilknytning til FoU-verksemd, operatør for gründerveiledning, sakshandsamar/forvaltar av fond, koordinator for inkubatornettverk mv.

Kunnskapsparken er av den oppfatning at inkubasjon er den viktigaste oppgåva for innovasjonsselskapa i høve til å utvikle nye vekstbedrifter frå etableringsfasen. Basisfinansieringa bør difor ta høgde for faktiske kostnader med å administrere inkubatorprogramma.

Slik situasjonen er i dag må ein stor del av innovasjonsselskapa finne andre finansieringsformer som t.d. å aktivt være ute i marknaden for å selge konsulenttjenester, og i enkelte høve delta i ikkje relevante prosjekt. I realitetten vert inkubatorverksemda då kryssubsidiert av andre forretningområde. Ei slik finansiering av inkubatorverksemda vil fort kunne ta fokus vekk frå hovudverksemda, som er å drive innovasjonsselskap.

### Presåkorn kapital – kompetent eigenkapital til bedrifter i tidleg fase (inkubatorbedrifter)

For å lukkast med nyskaping, og som gründer, er kapital eit nøkkelord – både offentleg og privat kapital. Nyetablerte bedrifter er det segmentet i næringsutviklinga som har dei største utfordringane med å finne eksterne investorar. Orsaka er ofte den høge risikoen nyetablerte bedrifter representerer. Eit anna forhold er mangelen på forvaltingmiljø som er ekspertar på tidligfasebedrifter i Norge.

Gründarar og småbedrifter i ein nyskapande fase treng risikoviljug og "kompetent" kapital i den tidlege kommersialiseringfasen; *før "såkornfond-fasen"*.

Kunnskapsparken meinar det bør leggast til rette for ei tidleg, og forutsigbar finansiering av oppstartsverksemder gjennom å etablere og bygge opp eit *presåkornfond primært retta mot* bedrifter i innovasjonsselskapa (inkubatorane).

Målet med etablering av presåkorn fond er å tilføre oppstartsbedriftene privat (tidleg) kapital for å realisere *bærekraftige* idear og tilby profesjonell oppfølging. Dette vil ha utløysande effekt å skape truverde hjå private investorar.

### **Samhandling (arbeidsfordeling) mellom virkemiddelaktørane**

På nasjonalt nivå har vi i dag Norges Forskningsråd (NFR), Innovasjon Norge (IN) og SIVA. På regionalt nivå har vi fylkeskommune og kommune. Frå ein forretnings- eller produktidé oppstår, til vidareutvikling av den nye bedrifta, er det eit langt løp ein skal "lose" grunderen igjennom. Dagens virkemiddelapparat er involvert i ulike deler av denne verdikjeda.

NFR er med å finansiere utvikling av idear fram til bedriftsetablering. IN har bedriftsretta virkemidlar, medan SIVA har ansvar for etablering av innovasjonsselskap, som i neste omgang skal legge til rette for, og "fasilitere" ein infrastruktur for næringsutvikling i ein region. Vidare er det innovasjonsselskapa som opererer inkubatorordninga lokalt/regionalt.

Den delen av næringsutviklinga som ikkje er direkte bedriftsretta (infrastruktur), krev som oftast offentleg finansiering. Eit slikt partnerskap er ofte samansett av SIVA, Fylkeskommune og kommune. I enkelte høve kan det vere at nokre større aktørar som t.d. bankar og kraftselskap ser betydninga av å bygge sterke innovasjonsmiljø som ein del av ein infrastruktur for næringsutvikling, og vert då ein del av partnerskapet.

Kunnskapsparken meinat at partnerskapet, i mykje større grad, må være tydelige på kva mål ein har med etableringa av innovasjonsselskapa, og kva omfang selskapet skal ha. Vår oppfatning av dagens situasjon er at det i alt for stor grad vert etablert strukturar som ikkje samhandlar, eller "heng i hop" med, dei målsetjingane ein har for innovasjonsaktiviteten i regionen.

I evalueringa seier ein at *"SIVA setter i gang aktivitet sammen med lokale krefter, men tar ikke ansvar for fullfinansiering, hvilket legger et sterkt press på fylkeskommunen, som ikke nødvendigvis har vært med på å bestemme at innovasjonsselskapet skal etableres"*. Dette er ikkje vår påstand, og vi vil heller ikkje påstå at det alltid er slik, men vi trur at mangelen på felles oppfatning og forståelse for kva mål ein har med etableringa, ofte er årsaken til ovannemnde påstand.

Ressursfordelinga i eit regionalt innovasjons- og næringsutviklingsmiljø bør være:

- Kommunane og Fylkeskommunen har ansvar for, og finansierer *førstelinjetenestene* i kommunane (kommunalt næringsapperat - næringsavdeling, næringsselskap osv.). Slik fungerer det også i dag, men ressursane må i mykje større grad tilpassast behova i dei einskilde kommunane. Fylkeskommunen koordinerer arbeidet.
- Fylkeskommunen og SIVA har ansvaret for, og finansierer *andrelinjetenestene* i regionen/fylket (Innovasjonsselskap, inkubator osv.). Koordineringa av dette arbeidet må leggjast til den aktøren som har eit regionalt ansvar, og som har oppfølgjingsansvaret for SIVA sin aktivitet i regionen/fylket (j.fr. IPark i Stavanger).

## **Avslutningsvis**

I evalueringa kjem det fram at at SIVA er ein liten aktør med små ressursar samanlikna med Norges Forskningsråd og Innovasjon Norge.

Målsetjinga om å utvikle innovasjonsselskapa til sterke innovasjonsmiljø på regionalt nivå, vil gjere det naudsynt for departementet å syte for at SIVA vert tilført nok midlar, slik at dei vert i stand til å styrke sin tilstadeværelse i regionane, samt å kunne utvikle/vidareutvikle dei virkemidla ein har, og som fungerar på regionalt nivå. Det bør ikkje være noko mål å auke antall innovasjonsselskap, men styrke dei som er, og stimulere til meir samhandling mellom miljøa.

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane meinar at ein gjennom inkubasjon (inkubatorane) har eit svært viktig og effektivt virkemiddel for utviklinga av framtidas vekstbedrifter.

Eit mål for ei styrka satsing på inkubasjon, er å gjera innovasjonsselskapa i stand til å verta betre, allsidige, og ikkje minst, attraktive utviklingsmiljø. For å nå dette målet er det heilt naudsynt å utvikle/vidareutvikle kompetansen i innovasjonsselskapa, tilføra innovasjonsselskapa driftskapital for å kunne være *fasilitator i nettverka*, samt å etablere presåkornfond for å kunne vere i stand til å tilføre inkubatorbedriftene vekstkapital (risikokapital) i ein tidleg fase.

Med vennleg helsing

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane

Kjetil Kvåle  
dagleg leiar